



Notat

Dato: 19.03.2014
Arkivsak: 2014/558-46
Saksbehandlar: mernord

Til: Ingeborg Borgen Takle

Frå: Merethe Helland Nordnæs

Førespurnad om orientering om fornying av TT-kort

Vi viser til Dykkar brev av 6. mars d.å. angående fornying av TT-kort. I brevet vert det vist til at på tross av at ein har ein livsvarig funksjonsnedsetting må ein likevel søkja om fornya godkjenning av TT-kortet kvart 4. år. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om ein kort skriftlig orientering om kva som er bakgrunn for denne ordninga og kva som eventuelt må verte gjort for å gjere ein endring på den.

Transportordninga for funksjonshemma er eit ikkje lovfesta tilbud til innbyggjarar i Hordaland som på grunn av varig sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan nytte det ordinære kollektive rutetilbodet. Ordninga skal såleis ikkje erstatte eit mangelfullt rutetilbod. Transportordninga gjeld fritidsreiser. Rullestolbrukarar og blinde/sterkt svaksynte er prioriterte i ordninga, men andre med nedsett mobilitet kan og søkje.

Vi registrerar at mange søkjarar med konstatert varig funksjonshemming som til dømes rullestolbrukarar, reagerer på at dei må senda inn ny søknad når godkjenningsperioden er over. Dei held fram at det ikkje er noko endring i deira helsetilstand, og likevel må dei ta arbeidet med å sende inn ny søknad. Dette temaet har vore drøfta av den fylkeskommunale legenemnda, samt i politisk sak av 20.10.2010. Samferdselsavdelinga har no retningslinjene for TT-ordninga til vurdering, og vi forbereder ein politisk sak om mellom anna spørsmålet om fornying av TT-kortet. Vi har i dag ein fast praksis på at ved konstatert varig funksjonshemming som til dømes blinde og rullestolbrukarar med varige kroniske lidingar, så får søkjaren ein livsvarig godkjenning.

Med venleg helsing
Merethe Helland Nordnæs
samferdselsavdelinga

